

Lindås Kommune
Byggesak

HJELMÅS, 26.07.2019

Tilleggsdokumentasjon - gbnr 214/126 – sak 15/2134

Me viser til dykkar brev der det ber om tilleggsdokumentasjon i samband med søknad om endring, me gjev her svar i same punktvisse rekkefølge som i dykkar skriv.

1. Nabovarsling er utført, dokumentasjon på dette ligg vedlagt her.
2. Revidert planteikning for 1 etasje ligg vedlagt.
3. Kommentar frå prosjekterande er at tilkomst ikkje blir endra men det blir gjennom endringa tilrettelagt med egen tilkomst for rullestolbrukar til 2 etasje basert på nav sitt ynskje om tilrettelegging av 2 etasje. Det lar seg vanskeleg gjere å etablere løfteplattform ved inngangspartiet då det vil medføre ei omfattande ombygging, medan etablering som vist kan gjerast med betydeleg mindre ombygging ved å bruka eksisterande konstruksjon i terrassen. «Normal» vanleg tilkomst er framleis som før - det er ingen endring på dette. Arealet benevnt som «rom for heissjakt» vil fungere som gang/entre/garderobe for rullestolbrukar. Sjølve løfteplattformen står i eigen sjakt med dør, sjå vedlagte teikning.

«Rom til heissjakt» inngår i BRA for bustad ja, dette arealet vil som nemnt også fungera som gang for brukaren.

Tilkomst og planløyising er så langt me kan sjå i samsvar med teknisk forskrift og sikkerheit ved brann er ivaretatt. Bygningen er i brannklasse 1, risikoklasse 4. Sjakt for løfteplattform er med bakgrunn i det prosjektert som ei EI30 branncelle, sjakta i seg sjølv vert plassbygd på denne måten medan leverandør av løfteplattform leverer og monterer EI30 dør med automatikk i begge etasjar. Branncelle prosjektert med EI30 krav er markert med raudt på vedlagte teikning.

4. Blankett 5175 med arealregnskap er vedlagt her.

Me håpar dette er tilstrekkeleg tilleggsdokumentasjon, skulle noko framleis vera uklart er det velkommen til å ta kontakt.

Med vennleg helsing
Kålås Bygg AS



Lars Alvær Hagesæter

